Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2021

Økonomisk oversikt drift - inntekter

Økonomisk oversikt drift - Driftsutgifter

Utvikling i fordeling - driftsinntekter

Utvikling i fordeling - driftsutgifter

Sum driftsinntekter, sum driftsutgitfer, Disposisjonsfond

Oversikta viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at driftsinntektene og driftsutgiftene er nesten samkøyrde. Dette viser at driftsnivået er for høgt og kommuenen sin evne til å betene gjeld, finansiere investeringer og avsette midler

til fond er svekka. Disposisjonsfondet er null og må byggast opp skal kommunen ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjer ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2021 utbetalt 247,619 mill. kr i fastløn, ei auke på 4,7% frå 2020, men ein nedgang på 0,36% frå det opprinnelege budsjettet. Variabel løn (unntatt sjukevikar over 16 dagar og permisjonar med refusjonsrett) hadde eit meirforbruk på 38 mill kr, 74,6 % over budsjettet og ein auke på 10,83 % frå 2020. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon med 19,4 mill.kr som ikkje er budsjettert, av auken som ikkje er dekt gjennom sjukelønsrefusjon skriv ein god del seg frå auka utgifter knytt til pandemien. Sosiale kostnader vart ca 2 mill. kr (2,45%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå auke i arbeidgjevaravgift og auka pensjonskostnader som følge av auke i løn. ***Teknisk Beregnings- og Statistikkutvalget for Kommunesektoren (TBSK) har rekna årslønsveksten for kommuneansatte frå 2020 til 2021 til 3,4 prosent.***

Netto driftsutgifter per rammeområde

		Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	%-	Budsjett	Regnskap
		2021	2021	0	forbruk	2021	2020
1	POLITISK STYRING	4 420 566	4 142 386	278 180	107	4 142 386	4 041 547
2	KOMMUNE LEIING - STAB	21 457 157	22 129 286	- 672 129	97	22 435 101	16 573 017
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	6 080 306	7 797 051	- 1 716 745	78	7 991 701	18 524 284
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	7 019 474	7 388 220	- 368 746	95	7 388 220	8 538 125
5	OPPVEKST	212 291 364	212 286 474	4 890	100	210 547 735	208 785 755
6	BARN, FAMILIE, HELSE	47 512 617	50 673 262	- 3 160 645	94	48 173 262	48 167 936
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	177 041 278	170 805 257	6 236 021	104	165 813 089	156 839 919
8	MILJØ OG KULTUR	-	-	-	-	-	6 164 144
9	TEKNISK	62 109 458	58 027 954	4 081 504	107	53 640 722	53 071 365
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 404 401	5 509 700	- 105 299	98	5 509 700	5 783 257
	Sum rammeområde	**543 336 621**	**538 759 590**	**4 577 031**	**880**	**525 641 916**	**526 489 349**

Detaljar kring dei enkelte rammeområde kjem lenger bak under del 2 Einingar.

Det har gjennom heile året og vore arbeidd med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort og det har vore månadlege rapporteringsmøter. Kommunedirektøren har hatt krav om fokus på eit solidarisk ansvar for den samla kommuneøkonomien, ikkje berre på det enkelte rammeområdet.

Om ein samanliknar med rekneskap frå 2020 justert med konsumprisindeksen på 3,2 % ser ein at driftsnivået ikkje har hatt større utvikling enn konsumprisindeksen.